

## Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Ålesund

Avdelinga: 70 10 59 50

Koordinering av time: 70 10 59 54

Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57

Volda

Gynekologisk poliklinikk: 70 05 82 63

Gynekologisk sengepost (dagbehandling): 70 05 83 61

Inntakskontoret: 70 05 82 48

### Pasientinformasjon

# Sterilisering med laparoskop

# Sterilisering med laparoskop

Informasjon til deg som skal / har vært til sterilisering med laparoskop

## Behandlinga

Laparoskopi (kikhol-operasjon) er eit inngrep der ein går inn i bukhol via eit lite snitt like under navlen med eit instrument som vert kalla laparoskop. Dette er eit rør ein ser gjennom for å undersøkje organa i bukhol og bekkenet, og som ein kan utføre ein del operasjonar gjennom. Ved sterilisering vert egglederane brent og klipt over. Sterilisering reknast som den sikraste prevensjonsmetoden. Likevel hender det, men svært sjeldan, at ein kan bli gravid. Steriliseringa er verksam frå inngrepet er utført. Er man imidlertid tidleg gravid før inngrepet, vil graviditeten fortsette dersom det ikkje er gjort utskraping samtidig.

Dersom du brukar blodtynnande medikament som f.eks Albyl-E eller Marevan, må desse stoppast ei veke før inngrepet. Du må då ta kontakt med fastlegen din for å høyre om dette er greit, eller om du må ha eit anna medikament istaden.

## Etter behandlinga

Inngrepet vert utført i full narkose. Under inngrepet vert det sett gass i bukhol for å få oversikt. Dei fyrste dagane er det difor normalt med litt luftsmertar i magen. Nokon har også skuldersmertar pga gass som har samla seg under mellomgolvet. Litt smerter ved navlen er også normalt. Smertene vil gradvis gå over, men det kan vere behov for eit lett smertestillande middel.

Nokre opplever kvalme og kan ha behov for kvalmestillande middel. Du bør helst vere oppe litt før du et, slik at du kjenner at du ikkje er kvalm. Om du røykjer, vent med det til etter at du har spist.

Snittet i huda vert sydd med tråd som løyser seg opp av seg sjølv. Du vil få med deg ein dusjbandasje slik du kan skifte på såret. Etter ei veke kan denne fjernast. Ein sjeldan gong kan det oppstå skade på organer som gjer at ein må gjere eit utvida inngrep (åpen operasjon).

Det er vanleg med litt blødning frå skjeden eit par dagar. For å forebygge infeksjon bør du unngå karbad, samleie og tampongar i ei veke, eller til blødninga har stoppa.

## Sjukemelding

Etter inngrepet bør du ta det litt med ro nokre dagar, og du får med deg sjukemelding frå 3-10 dagar etter behov. Skulle du ha behov for sjukemelding utover dette, må du kontakte fastlegen din.

**VIKTIG:** dersom du får tiltakande, vedvarande smerter i magen eller underlivet, evt. feber, kan det være tegn på infeksjon eller skade på tarm. Kontakt då avdelinga (sjå baksida.)

## Kontroll

Alle gynekologiske laparoskopiske operasjonar vert registrerte (utan namn) i eit nasjonalt kvalitetsregister, som eit ledd i å sikre god kvalitet på slike operasjonar. Du må sjølv seie i frå dersom du vil reservere deg mot at din operasjon vert registrert.

Du vil bli oppringt 2-4 veker etter operasjonen fordi vi gjerne vil vite sikkert korleis det er gått med deg. Pass på å opplyse om det telefonnummeret der du lettast kan treffast.

Resultatet av inngrepet vil du få informasjon om før du reiser heim av den legen som opererte deg, så sant det er mogleg. Viss ikkje vil du få beskjed seinare. Det blir også sendt rapport til fastlegen din om inngrepet etter at det har kome svar på eventuelle prøver. Dette vil ta 2-4 veker.